

450 billetter vert selde til Låvedansen neste laurdag.

13.08.2018



Gunslingers samlar alltid full låve på Dønhaug.

Det er ikkje berre Tysnesfest, Country Festivalen i Seljord og andre store festivalar som får vitjing av Gunslingers. Laurdag 25. august kjem dei til Dønhaug i Uskedalen for sjette gang for å stå for musikken. På Dønhaug har dei samla full låve kvar gong dei har vore her. Det vert seld 450 billetter, alt på nettet via billetto.no. Det vert ikkje sal av billetter lokalt eller ved inngangen.

Gunslingers har turnert i ca 10 år rundt i Norges land for utselte hus, og dei siste åra, som headliner-band for fleire av dei største festivalane i landet. I 2016 kom bandet med sitt femte album, og har mellom 20-30.000 streams dagleg på Spotify, noko svært få norske band kan konkurrera mot.

Gunslingers er eit svært godt live-band med eit solid sceneshow, og passar perfekt til ein Låvedans. Kvar gong Hardanger-bandet har vitja Dønhauglåven har dei skapt stor stemning med høg allsangfaktor.

Dei tre siste åra dei har vitja Dønhaug har alle billettane vore utselde på førehand. Difor blir det ikkje lagt opp til billettsal i porten, billetter må kjøpast på nettet på billetto.no.

Som vanleg vert det busstransport både til ytre- og indre-luten av kommunen etter at arrangementet er slutt.

Tekst: Pressemelding
Foto: Gunslingers
Nett: Kristian Bringedal